

## PUBLIKUMSINFORMASJON

# GRAVLEGGING og KYRKJEGARDANE I KVITeseID



**Ei orientering frå kyrkjekontoret, Kviteseid sokn til deg som har eller vil få eit forhold til kyrkjegardane.**

## Til deg som skal sørge for gravferda

Etter ordlyden i gravferdslova er det *ein* person blant dei pårørande som skal sørge for gravferda. Vedkomande skal ta nødvendige avgjerder saman med kyrkjevevja om

- kvar den avdøde skal gravleggjast, dersom det kan bli tale om ulike stader,
- kva for gravferdshandling som skal veljast, og dessutan om
- kven som skal vere ansvarleg eller festar for grava.

Den som sørger for gravferda, bør så langt som råd respektere ønske frå den avdøde, men når det gjeld kremasjon, krævst det at viljen til avdøde vert følgt. Vegleing om kven som kan sørge for gravferda, vert gjeve av kyrkjekontoret eller gravferdsbyrået.

## Til deg som skal velje grav

Den som har hatt heimen sin i Kviteseid kommune, kan få grav på kva kyrkjegard som helst innan kommunen - med unntak for gravstader ved Kviteseid *gamle* kyrkje og nokre bratte område på eldste del i Kviteseid. Om avdøde på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, gjeld det same.

Dei som ikkje har hatt heimen sin i kommunen (vore folkeregisterført i Kviteseid), kan og gravleggjast i Kviteseid, men det medfører litt ekstra betaling. (Sjå siste avsnitt) Ved gravlegging av kiste kan ein anten velje enkel kistegrav, eller dobbel viss ein vil reservera ei grav til attlevande. Ei slik dobbel grav vert då ein gravstad bestående av to (eller tre) graver.

Ei *ny* enkel kistegrav gjev plass til ei kiste og er fri for betaling så lenge ho er freda, dvs. i 20 år. Gjenbruk av ei familiegrav som allereie er festa, fører til at festet held fram. Det vert då ikkje fri grav. Med ny meinas og tidlegare brukt grav som er sletta. Ei *reservert* grav må betalast festeavgift for frå fyrste år, og denne vert ikkje fri grav når ho tas i bruk. Feste held fram vidare for 5 år om gongen, minimum i 20 år etter at ho er tatt i bruk.

Ved kremasjon kan ein velje urnegrav. Denne gjev plass til fire til 6 urner. Ny grav er fri for betaling så lenge ho er freda, dvs. i 20 år. Ved gjenbruk av grav, held feste fram med å løpe. Det er ikkje høve til å feste fleire urnegraver saman. Urne kan setjast ned på grav også i fredingstida (mindre enn 20 år sidan siste kistegravlegging).

Alle graver kan oppretthaldast som festegraver i inntil 60 år etter siste gravlegging. Etter 60 år vil ein normalt ikkje kunne fornye feste, og grava må slettast.

Festeavgift forfell til betaling kvart 5 år, forskotsvis. Festeavgifta er for tida kr 200,- pr. grav pr. år. Faktura for dei komande 5 åra sendest ut frå kyrkjekontoret.

Når det er ynskje om å bruke ein eksisterande gravstad, må den som sørger for gravferda, først og fremst innhente samtykke frå festaren av gravstaden. Dertil må det sjølvstøtt vere ledig grav; dvs. ei grav som ikkje er brukt, eller ei grav som er så gamal at ho ikkje lenger er freda; for kistegrav eller urnegrav: 20 år.

Er det ynskje om å spreie oska for vinden, må søknad sendast Fylkesmannen.

Den som sørger for gravferda, må oppnemne ein festar til gravstaden.

## **Til deg som vil vere til stades ved urnenedsetting**

Når ei kiste vert gravlagt, er ein alltid til stades ved grava under handlinga. Men når ei urne skal gravleggjast, er ikkje det sjølv sagt. Det må meldast til kyrkjekontoret dersom ein vil vere til stades. Då avtalast òg tidspunkt for gravlegginga. Urna skal i alle høve gravleggjast innan seks månader etter dødsfallet. Ansvarleg for bisetjinga og kremasjonen kan sjølv henta ut urna frå krematoriet. Elles sørgjer vanlegvis krematoriet og kyrkjekontoret for transporten.

## **Til deg som skal ordne med gravminne**

Det er høve til å setje opp eitt gravminne på kvar gravstad, og det kan skje tidlegast 6 månader etter gravferda for kistegrav. På urnegrav treng ein ikkje venta. I mellomtida ordnar kyrkjegarden med eit merke med namn på avdøde. Når jorda på ei kistegrav har sunke tilstrekkeleg, vil kyrkegardsarbeidarane sørgje for planering og tilsåing, og familien kan plante blomar.

Ein bør ta seg god tid ved val av gravminne, og kyrkjekontoret skal godkjenne dette før oppsetting. Dei fleste gravminne (steinar) som formidlast gjennom gravferdsbyrå, er godkjende. Den som er ansvarleg for grava / gravstaden (fleire graver), er ansvarleg for at gravminnet ikkje forfell.

Gravminnet kan forsynast med tekst, symbol, dekor eller fotografi. Alt skal vere sømeleg, og namn som setjast på, skal vere identisk med namnet til den avdøde som er gravlagt i grava. Gravminnet skal vere solid og tåle dei påkjenningane det vert utsett for ved vanleg drift og vedlikehald av kyrkjegarden. Lykter, duer og andre pyntegjenstandar *på* gravminnet, kan berre brukast når dei er like solide som sjølv gravminnet. Eit gravminne skal sikrast med forskriftsmessig fundament og stålboltar som bind saman fundament og gravminne, men dette syter leverandøren vanlegvis for. Gravminnet bør ikkje vere breiare en 85 cm.

Gravminne på ny kistegrav skal plasserast i bakkant av grava og skal bli ståande der sjølv etter at den neste grava i gravstaden er tatt i bruk.

## **Til deg som skal pynte grava**

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit bed/plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, og ikkje gå lenger fram enn 60 cm frå bakkanten av gravminnet. Det må ikkje plantast blomar og buskar som vert høgare enn gravsteinen eller som går ut over plantefeltet. Det er ikkje lov å ramme inn grava eller deler av henne med hekk, stein eller metall. Det siste øydelegg maskinar. Grava *kan* rammast inn av ei tre-ramme som ikkje er større enn plantefeltet. Dekorplate kan nyttast. Den må då ikkje vere breiare enn gravminnet og må ligge *i høgde med jorda/graset* rundt.

Det er høve til å pynte med krans, lykt, blomsterbukett m. m., men slike lause pyntegjenstandar skal takast bort etter bruk. Avfall skal kastast på tilviste stader; jord og planterestar for seg og anna avfall for seg.

Plantefelt der det ikkje vert planta, skal såast til slik at det er grasbakke på alle sider av gravminnet. På kyrkjekontoret er det mogleg å gjere avtale om planting og stell av

plantefelt mot betaling, for ein sesong, eller langtidsavtale for min. 5 år. Sesongavtale fakturerast. Langtidsavtale krev førehandsinnbetaling (legat / fond).

### **Til deg som skal betale avgifter til kyrkjegarden**

Ei ny urnegrav og ei ny enkel kistegrav er fri for betaling i fredingstida. Alle andre graver kostar det kr 200,- pr. år å feste. Avgifta forfell til betaling for 5 år om gongen, dvs. at ein betaler kr. 1000,- pr. grav forskotsvis for ein 5-årsperiode.

For gravlagde som ikkje hadde heimen sin i Kviteseid kommune, er det ikkje fri grav. Festeavgifta vert då kravd inn frå fyrste år.

### **Til deg som skal besøkje kyrkjegarden**

Alle er velkomne til å besøkje kyrkjegardane i Kviteseid, men opphald og ferdsel må skje på ein verdig og sømeleg måte, i tråd med eigenarten rundt desse gravstadene. Besøkjande skal så langt det er mogleg ferdast gåande, og hundar skal førast i band.

### **Betaling for tenester**

Gravferdshandling er gratis for alle som var busette i Kviteseid kommune. Dette gjeld også om avdøde dei siste åra av livet budde i annan kommune av helsemessige årsaker. For andre vert kostnaden fakturert på denne måten: For opning og lukking av kistegrav: kr 5000,- For nedsetjing av urne: kr 1500,-

Grevferd-seremoni i kyrkja, er gratis for alle medlemmer av Den norske kyrkja. For andre vert det kravd betaling for leige av kyrkja kr 3000,- og eventuelt organist kr 1500,-.

Langtidsavtale om stell av graver, varierer avhengig av kor mykje som ynskes gjort.

### **Kontaktinformasjon**

Kyrkjekontoret / Kyrkjevevja	350 68 131	970 47 860
Sokneprest	350 68 132	469 07 231
Gravferdsbyrå:	Seljord Gravferdsbyrå (i Kviteseid):	951 20 825
	Tokke Begravelsesbyrå (på Høydalsmo):	928 13 634

Denne orienteringa er utarbeidd på bakgrunn av lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) av 7. juni 1996, føreskrifter til gravferdslova og vedtekter for kyrkjegardane i Kviteseid. Desse dokumenta finst på kyrkjekontoret og på nett. Du kan lese om dette på [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no) (Dødsfall / gravferd). Her finn du og linkar til informasjon frå Kviteseid kommune, frå Den norske kyrkja og frå lovgjeving.

Kviteseid, februar 2018